



Maria Viken
4610 KRISTIANSAND S

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2788 - 14/23181

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
14.10.2014

Gbnr108/5 deling av grunneigedom. Melding om vedtak og innkreving av gebyr.

Lindås kommune seier seg lei for at søknaden om å få dele frå tunet, tok lang tid å gjere ferdig. No ligg det føre endeleg vedtak, som lyder slik:

«Med heimel i pbl gjev Plan- og miljøutvalet dispensasjon til frådelling av tunet på gnr.108 bnr.5 slik det er søkt om. Med heimel i pbl §20-1 blir det gjeve løyve til deling av eigedom som søkt. Med heimel i jordlova §12 blir det gjeve løyve til frådelling.

Grunngjeving: Dei disponeringar som gjeldande plan har gjort for delar av eigdommen 108/5 og 60 syner at styresmaktene meiner eigdommen ligg nær til busetnad og næring i tettstad Lindås. Det er såleis i tråd med gjeldande plan å godkjenne delinga det er søkt om. Garden har ikkje vore i drift sidan starten av 80-talet. Driftsbygning er ikkje eigna til moderne drift. Inntil vidare kan innmark brukast til beite. Fordelen med dispensasjon er vesentleg større enn ulempene.»

Saka vert no sendt over til oppmålingsavdelinga, som vil ta kontakt for å gjennomføre deling.

Av di saka først gjekk til høyring og deretter rett til politisk handsaming, har det ikkje vorte sendt ut krav om gebyr tidlegare.

Gebyr vert skreve ut i samsvar med gjeldande gebyrregulativ for Lindås kommune. Regulativet vart vedteke i desember 2013 og gjeld for 2014:

Søknad om dispensasjon, §19-2 i pbl	kr. 7900,-
Søknad om deling i uregulert område, andre føremål, pbl §20-1	kr. 5800,-
Jordlovssak – deling §12	kr. 1000,-
Sum	kr.14700,-

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Maria Viken
Kjell Ove Viken

4610

KRISTIANSAND S